



Skule og utdanning er viktig!

I skrivande stund er eg akkurat komen heim frå Sør-Afrika. Det var eit vellukka opphald med givande forskingssamarbeid med dyktige kollegaer frå University of the Western Cape og Høgskulen på Vestlandet. Det som har sett djupast spor etter mine opphald i Sør-Afrika, med besøk på skular og barnehagar i ulike områder, er at det kjem så krystallklart fram kor viktig skule og utdanning er.

Apartheid-regimet plasserte svarte og farga i Township. Township er rasemessig avgrensa område etablert nært nok byar og industriområde slik at innbyggjarane kan nyttast som billig arbeidskraft. For dei millionar av born som bur i falleferdige skur i slike vidstrakte Township-områder er det å læra seg å lesa, skriva og rekna den beste sjansen dei har til å få eit verdig liv.

I Noreg har me eit skulesystem som fungerer godt. Alle born i Noreg, uavhengig av bakgrunn, har krav på å få gå på barne-, ungdoms- og vidaregåande skule, og me har eit svært raust system for støtte til høgare utdanning. Slik sett har born i Noreg, uavhengig av foreldre/føresette sin økonomi, ein sjanse til å få seg utdanning. Det er rett nok born og unge i Noreg som ikkje passar like godt inn i systemet. Nokon tek skulen for gitt, andre slit med motivasjonen. For

dei aller fleste går det seg ofte til og ein får seg eit arbeid og ein heim. For dei som likevel fell utanfor har me eit samfunnssystem som fungerer, som tilbyr ulike former for støtte.

I Sør-Afrika er det mange som arbeider hardt og systematisk for at jenter og gutar på landsbygda og i Township-områda skal fullføra ei utdanning. Utdanning er nykelen til å få arbeid, og fyrst når ein får eit arbeid og ei inntekt kan ein få råd til ein trygg heim. Fleire og fleire lukkast, men det er framleis ein lang veg å gå. Utan utdanning er nålauga til å få delta i arbeidslivet uhyre trongt. Mange må stilla seg opp langs motorvegen i eit ljuskryss og vona på at ein entreprenør treng nokon ekstra hender denne dagen. Det inneber verken god løn eller gode arbeidsforhold. For mange utan utdanning er vegen kort til prostitusjon, arbeidsløyse, rus og kriminalitet. Når ein ser kontrastar som dette på nært hald vert det ekstra tydeleg kor viktig skule er. Det er ei sterk påminning om at alle som arbeider med born og unge si utdanning spelar ei svært viktig rolle.